

Uttale frå elevrådet på 5.-7. trinn (2025/2026) ved SUBUS om forslaget til endra skulestruktur/innfasing av Mo skule. Det har kome uttale frå elevar på småtrinnet også.

- Kva som er bra med skulekvardagen vår i dag

Vi har gode og snille lærarar som vi kan stole på, vere trygge med og snakke om alt til dei. Vi kan vere dei vi vil og si meningene våre. Vi har venner, bra klassemiljø og gode klassereglar. Det er veldig mange venner, og alle har noen å vere med. Det er myke variert undervisning, ikkje bare arbeid vi holder på med, vi gjer ganske mykje anna også, som Kahoot og gøye ting, men det hjelper oss å lære. Vi får bra hjelp når vi trenger det. Vi får veldig mykje fysisk aktivitet. Vi har sykkelbane og ein bra fotballbane vi kan spele fotball på, og vi spelar kanonball i friminuttene og i gymtimane. Det er svømmehall her.

- Kva det betyr for oss at skulen ligg der vi bur

Bra! Her kan vi vere til vi er ferdige med VGS. Her lærer vi mykje. Vi har bra sykkelbane og er heldige som har skogen rundt oss. Vi kan velge om vi vil sykle eller gå til skolen. Nærme sentrum. Slepper å våkne tidlig for rekke skolen/buss. Slepper å sitte for lenge på buss. Kort veg til dans, turn og korpsøving. Kan reise rett hjem etter at skoledagen er ferdig. God tid på morgenen, kan sove ganske lenge. Kommer tidlig hjem, får god tid til fritidsaktivitetar og lekser. Fine turmuligheter. Fint areal vi kan bruke på fritida.

- Kva som skal til for at vi skal ha det trygt og godt på skulen

Ha godt klassemiljø. Ha trygge omgiversar. At det er klassero. Ikke mobbing. Ikke snakke stygt til hverandre, være snille og inkludere hverandre. Ikkje mobb bare fordi noen er annerledes. Støtte andre som har det vondt. Være lojal. Gode lærarar. Nok voksne. Stort og fint uteområde og nok leiker, som pingpong-bord. Nødutganger. At folk er snille og har respekt for andre. At alle er klassevenner og har folk å vere i lag med.

- Kva meiner du kommunen bør tenkje på dersom det blir snakk om å slå saman skular?

Må ha nok plass i klasserom og garderober. No er det ikkje plass i garderobane og klasserommene. For lite plass ute, i hvertfall til mellomtrinnet. Det går ikkje, det er allereie trangt. Vi har ikkje nok plass til å ha elevene frå Mo til SUBUS, kommunen får finne ut en annen måte å spare pengar. Uteområdet: Lite plass til å leke. Ikke nok utstyr og leiker. Kamp om dustene og leikehusa. Vi må tenke på dei minste elevane. Kan bli alt for mye for de aller minste. Det blir mindre tid til kvar elev om vi blir fleire. La Mo skule bestå! Flytt heller elevene til Stangvik. Vi er mange fra før. Målform ødelegg. Hvis det blir aktuelt med sammenslåing, er det nok best å gå for alternativ tre, slik at planleggingsprosessen får nok tid. Hvis de kjem likevel kan vi bruke møblene frå Mo på SUBUS? Gjenbruk! Og vi må ha kjent-dag så de nye elevene skal føle seg trygge.

Sammenfatta av Annveig, 6A og Emilie 6C - elevrådsrepresentantar